



Børnes er i fokus – kva kan politikarane gjera? (Foto: Erlend Moen)

- Det er for gale at administrasjonen styrar og ikkje politikarane. Vi må bruka politikarane meir. Det sa Magne Huglen under eit møte i Gamleskulen som ein kommentar til det som har skjedd – eller ikkje skjedd – med Børnes næringsområde. Det var Kåre Guddal som tok opp att saka no.

Området var sterkt i fokus under valkampen og politikarane lova då at noko no skulle bli gjort. Det siste er at det har vore stor uklarheit omkring eit sal til Rune Hjørnevåg, som søkjaren trudde var i orden men som likevel ikkje var det.

Ivar Gundersen fortalde om eit møte om Børnes med to representantar for administrasjonen.

- Eg fekk rett og slett bakoversveis. Beskjeden frå dei var klar, dei var ikkje interesserte i å gjerna noko, sa Gundersen.

Han sette si von til det nye kommunestyret og då ikkje minst til dei fire representantane frå Uskedalen.

Ein av dei, Gunn Mari Moberg (H), sa at ho var innstilt på å gjera noko for å marknadsføra Børnes og allereie har gjort det.

Gundersen streka under at det er viktig å få ut pengar til marknadsføringa og øve press på administrasjonen. Han hadde ellers høyrte at Hjørnevåg-saka igjen er inne i eit betre spor.

Kristian Bringedal minna om det positive som vart sagt under valkampen, også om næringsutvikling på Børnes. Og det er for lenge sidan løyvt 100.000 kroner til marknadsføring utan at det førebels er brukt ei krone.

- Lat oss stola på politikarane, sa han.

Audun Eik: - Kommunen må vel ha ein plan om kva slags verksemder dei vil ha inn på Børnes?

Ole Torbjørn Holmedal har nyleg kjøpt eit 2,2 dekar stort område på Børnes av Haavik Eigendom og prisen var 1,4 millionar kroner.

Av Ola Matti Mathisen

